



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 06.12.2016

Sak nr.: 16/5415-40

Internt l.nr. 42170/16

Sak: 46/16

Tittel: **Endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heime-sjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekka.
8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år blir ikkje dekka.
9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekka.
10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
11. Fylkesutvalet er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 8:

Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekka dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Det skal utarbeidast retningslinjer for dette. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinjene.

Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til nye punkt 3, 5 og 8:

Punkt 3: Det er den rimeligaste reisemåten (buss båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er hensiktsmessig. Herunder kjem også drosje.

Punkt 5: Eigenandelen på kr. 500 er pr. kalenderår pr. barn.

Punkt 8: Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 14 år, vert ikkje dekkja.

Avrøysting:

Framlegg til nytt punkt 3 og 8 frå Framstegspartiet og Venstre fekk 8 røyster og vart forkasta.

Framlegg til nytt punkt 5 frå Framstegspartiet og Venstre fekk 9 røyster og vart forkasta.

Framlegg til nytt punkt 8 frå Senterpartiet fekk 19 røyster og vart vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med den vedtekne endringa i punkt 8, vart deretter samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekkja reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heime-sjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekkja. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekkja.
8. Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Det skal utarbeidast retningslinjer for dette. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinjene.
9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekkja.
10. Søknad om dekkning av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
11. Fylkesutvalet er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.